

# Eksamen

20.05.2021

NAB1001 Naturbasert produksjon

**Programområde:** Naturbruk

LK06

# Nynorsk

## Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timar.
<b>Hjelpemiddel</b>	Alle hjelpemiddel er tillatne, unntatt ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre.
<b>Bruk av kjelder</b>	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Informasjon om vurderinga</b>	<p>Ut i frå kompetansemåla og fagkunnskapen din så er det viktig å legge vekt på følgjande:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Du må forklare synspunkta dine og gjere greie for vala du tar i oppgåva.</li><li>• I oppgåva får du konkrete gjeremål som skal planleggast og forklarast. Her må du vise at du har grunnleggande kunnskap som gjer at du kan gjennomføre oppdraget på ein sikker og god måte.</li></ul>

### TIPS TIL DEG SOM AKKURAT HAR FÅTT EKSAMENSOPPGÅVA:

- Start med å lese oppgåveinstruksen godt.
- Hugs å føre opp kjeldene i svaret ditt dersom du bruker kjelder.
- Les gjennom det du har skrive, før du leverer.
- Bruk tida. Det er lurt å drikke og ete undervegs.

**Lykke til!**

I denne eksamensoppgåva skal du velje den produksjons- eller fangstmetoden som du vil skrive om. Det kan vere fiskefartøy, oppdrettsnæring, gartneri eller på ein gard.

## **Oppgåve 1 - Arbeidsplan for ein dag**

Forklar kva som skjer i løpet av ein dag på din arbeidsplass. Forklar grundig alle arbeidsoppgåvene der du både forklarar korleis utstyret verkar og korleis arbeidet blir gjennomført.

## **Oppgåve 2 – Risiko**

- a. Lag ein risikoanalyse for dei 4 farlegaste arbeidsoperasjonane. Vurder risikoen og sei litt om kva som kan gjerast for at arbeidet skal bli så trygt som mogleg.
- b. Forklar korleis de tar omsyn til dårleg vêr.
- c. Godt samarbeid fører til at risikoen for ulykker blir mykje redusert. Forklar kvifor risikoen for personskadar aukar når det er dårleg samarbeid på din arbeidsplass.

## **Oppgåve 3 - Berekraftig utvikling**

Forklar korleis berekraftig utvikling bør påverke arbeidet ditt. Eit tips er å sjå på berekraftig utvikling i høve til reiskap, utstyr og forvaltning av ressursane.

## **Oppgåve 4 - Kvalitet på produkta**

- a. Forklar kva som må gjerast på din arbeidsplass for å sikre god kvalitet på produkta.
- b. Gi døme på at forskjellige marknader har ulike krav til kvalitet.

## **Oppgåve 5 - Regelverk**

I din næring har vi lover og forskrifter som bestemmer mange ulike ting. Skriv ned namnet på eit par av desse lovene/forskriftene, og forklar kva dei handlar om.

## Bokmål

### Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timer.
<b>Hjelpemidler</b>	Alle hjelpemiddel er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre.
<b>Bruk av kilder</b>	Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.  Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.
<b>Informasjon om vurderingen</b>	Ut ifra kompetansemålene og fagkunnskapen din så er det viktig å legge vekt på følgende: <ul style="list-style-type: none"><li>• Du må forklare synspunktene dine og gjøre rede for valgene du gjør i oppgaven.</li><li>• I oppgavene får du konkrete gjøremål som skal planlegges og forklares. Her må du vise at du har grunnleggende kunnskap som gjør at du kan gjennomføre oppdraget på en sikker og god måte.</li></ul>

#### TIPS TIL DEG SOM AKKURAT HAR FÅTT EKSAMENSOPPGAVEN:

- Start med å lese oppgaveinstruksen godt.
- Husk å føre opp kildene i svaret ditt dersom du bruker kilder.
- Les gjennom det du har skrevet, før du leverer.
- Bruk tiden. Det er lurt å drikke og spise underveis.

**Lykke til!**

I denne eksamensoppgaven skal du velge den produksjon eller fangstmetode som du vil skrive om. Det kan være fiskefartøy, oppdrettsnæring, gartneri eller på en gård.

## **Oppgave 1 - Arbeidsplan for en dag**

Forklar hva som skjer i løpet av en dag på din arbeidsplass. Forklar grundig alle arbeidsoppgavene der du både forklarer hvordan utstyret virker og hvordan arbeidet gjennomføres.

## **Oppgave 2 – Risiko**

- a. Lag en risikoanalyse for de 4 farligste arbeidsoperasjonene. Vurder risikoen og si litt om hva som kan gjøres for at arbeidet skal bli så trygt som mulig.
- b. Forklar hvordan dere tar hensyn til dårlig vær.
- c. Godt samarbeid fører til at risikoen for ulykker reduseres mye. Forklar hvorfor risikoen for personskader øker når det er dårlig samarbeid på din arbeidsplass.

## **Oppgave 3 - Bærekraftig utvikling**


Forklar hvordan bærekraftig utvikling bør påvirke ditt arbeid. Et tips er å se på bærekraftig utvikling i forhold til redskap, utstyr og forvaltning av ressursene.

## **Oppgave 4 - Kvalitet på produktene**

- a. Forklar hva som må gjøres på din arbeidsplass for å sikre god kvalitet på produktene.
- b. Gi eksempler på at forskjellige markeder har ulike krav til kvalitet.

## **Oppgave 5 - Regelverk**

I din næring har vi lover og forskrifter som bestemmer mange ulike ting. Skriv ned navnet på et par av disse lovene/forskriftene, og forklar hva de handler om.



[www.vigoiks.no/eksamen](http://www.vigoiks.no/eksamen)